



Årsmelding 2016

BANKSJEFEN HAR ORDET	side	4
NØKKELTAL	side	5
ÅRSMELDING FRÅ STYRET	side	6
GENERELT	side	6
STRATEGIPLAN 2017–2020	side	6
EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING	side	6
UTVIKLING I NORSK OG INTERNASJONAL ØKONOMI I 2016	side	6
Global utvikling	side	6
Norsk økonomi	side	7
LOKALT NÆRINGSLIV I 2015	side	8
Kundeutvikling	side	8
Landbruk	side	8
Industri	side	9
Varehandel	side	9
Bygg, anlegg og entreprenører	side	9
Reiseliv	side	10
Transport	side	10
SPAREBANKANE I NOREG	side	10
SAMFUNNSENKASJEMENT	side	10
AKTIVITET GJENNOM ÅRET	side	11
REKNESKAPEN	side	14
Framleis drift	side	14
Resultatrekneskapen	side	14
Forslag til disponering av overskot	side	14
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	side	14
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	side	14
Driftskostnader	side	14
BALANSEN	side	14
Forvaltningskapitalen	side	14
Utlån og garantiar	side	14
Verdsetjing av utlån	side	15
Misleghald og tapsutsette engasjement	side	15
Innskot	side	15
Verdipapir	side	15
Eigenkapital og kapitaldekning	side	15
Innskot målt mot utlån	side	15
Funding elles	side	15
INTERN KONTROLL OG RISIKOSTYRING	side	16
Generelt	side	16
Pilar II og CRD-IV	side	16
Operasjonell risiko	side	16
Kredittrisiko	side	16
Valutarisiko	side	16
Rente-/kursrisiko	side	16
Likviditetsrisiko	side	17
Strategisk risiko	side	18
TILSETTE	side	18
Personalet	side	18
Likestilling	side	18
Arbeidsmiljø	side	18
Diskriminering	side	18
YTRE MILJØ	side	18
Energi- og klimarekneskap 2016	side	19
SPAREBANK 1-ALLIANSEN	side	21
EIENDOMSMEGLER 1 LILLEHAMMER OG GUDBRANDSDAL AS	side	22
LOM OG SKJÅK SPAREBANKS NÆRINGSLIVSFOND	side	22
FRAMTIDA	side	22
TAKK TIL FORRETNINGSKONTAKTAR, TILLITSVALDE OG TILSETTE	side	24
RESULTATREGNSKAP	side	25
BALANSE	side	26
KONTANTSTRØMOPPSTILLING	side	27
NOTER TIL ÅRSREGNSKAPET FOR 2016	side	28
REVISORS BERETNING	side	54
ERKLÆRING FRÅ STYRETS MEDLEMMER OG ADM. BANKSJEF	side	56
GENERALFORSAMLING/TILLITSVALDE	side	57
HISTORISK REKNESKAP 1874 - 2016	side	58



Dette er den første årsmeldinga eg skriv som adm. banksjef for SpareBank 1 Lom og Skjåk, etter at eg overtok denne stillinga etter Arne Henning Falkenhaus i oktober 2016. Banken har hatt ei god utvikling gjennom mange år, og 2016 har òg vore eit særst godt år. Det er spennande å få lov til å bli ein del av SpareBank 1 Lom og Skjåk, og få vera med på ei vidareutvikling av banken i tida framover. Kunder og marknad endrar seg, og vi må saman møte desse endringane på ein god måte, slik at vi sikrar ei god og positiv utvikling for banken.

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av 2016 på 6,6 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt og valutalån, og eigenkapitalen er 670 mill. kr og utgjør 12,86 %.

Ved utgangen av 2016 er det 52 tilsette i SpareBank 1 Lom og Skjåk, og heile 46 % er tilsett etter 2011. Det har dei siste åra vore brukt tid på kompetanseheving, opplæring og autorisasjonar. Ved årsskiftet er det igangsett rekrutteringsprosess av 4 nye stillingar, og det er mange søkerar med god kompetanse.

Med kontor i Skjåk, Lom, Vågå og på Dombås er SpareBank 1 Lom og Skjåk representert i Ottadalen og i øvre delen av Gudbrandsdalen. Trass endringar i bransjen er det framleis viktig at ein lokal sparebank er etablert med kontor der den lokale marknaden er. Dette ser vi tydeleg på den store tilveksten av nye kunder til kontoret på Dombås, der DNB la ned kontoret sitt i første halvår 2016.

SpareBank1 Lom og Skjåk ønskjer framleis å støtte opp om lokalsamfunnet og bidra til finansiering av arbeidsplassar slik at det i tida framover òg skal vere attraktivt å bu i Nord-Gudbrandsdalen.

SpareBank1 Lom og Skjåk har også i 2016 hatt ei god utvikling. Vi har fått mange nye kunder, og fleire av nøkkeltala våre utviklar seg positivt. Vi må òg i tida framover ha søkelys på å skape gode resultat, slik at vi kan møte dei auka regulatoriske krava som er pålagt finansbransjen. Det vil vera heilt avgjerande for å kunne sikre framtida, slik at banken kan vera sjølvstendig og vera lokalt forankra.

SpareBank 1 Lom og Skjåk legg fram eit godt årsresultat for 2016, med eit overskot etter tap og skatt på 84,5 mill. kr. Den underliggende drifta har vore god, og det har i 2016 òg vore høge ekstraordinære inntekter og utbetalt høge utbytte. I 2016 hadde banken ein rentenetto på 2,09 %. Banken hadde òg i 2016 låge tap, og desse utgjorde 3 mill. kr.

Strategiplan for SpareBank 1 Lom og Skjåk 2017 – 2020 vart vedteke i styret i november 2016. Det har vore gjort eit godt arbeid internt for å få utarbeidd denne strategiplanen, og vi vil i tida framover at dette skal vera eit levande dokument for dei tilsette og styret. I strategien tek vi utgangspunkt i bankens formål, våre verdier, vår visjon og våre kundeløfter. Vi skal utvikle oss frå å vera ein tradisjonell lokalbank i 2016 til å bli ein moderne lokalbank med tradisjonar i 2020. Kunder og marknad endrar seg, og det er viktig at banken endrar seg i same takt. Det må leggjast til rette for at kundane skal ta i bruk sjølvbetente løysingar, og det viktigaste vil framleis vera at kundane får ei god oppleving både når dei er innom kontora våre, tek kontakt på telefon eller på e-post.

Dei tilsette i SpareBank 1 Lom og Skjåk har lagt ned ein stor og god innsats i 2016. Banken har fått mange nye kunder siste året, og det har vore eit stort arbeidspress i store delar av året.

Det gode resultatet banken har i 2016 er det dei tilsette som har skapt saman, og eg vil takke for den innsatsen som er lagt ned for banken. Eg gler meg til å vera med dykk på eit godt arbeid i ei spennande tid framover i SpareBank 1 Lom og Skjåk! Ein stor takk til tidlegare administrerande banksjef Arne Henning Falkenhaus, som gjennom mange år har lagt ned ein stor og god innsats for banken og lagt eit godt grunnlag for vidare utvikling. Eg vil òg takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for 2016 og ønskjer alle eit godt år i 2017.

Unni Strand
adm. banksjef

Tall i tusen kroner	2016	2015	2014	2013	2012
Forvaltningskapital	5 213 827	4 879 769	4 643 958	4 187 461	3 909 269
Overført til Boligkreditt (BK)	1 248 873	1 024 664	818 147	845 495	663 100
Garantiar for valutalån (VL) - pålydande	150 964	189 498	261 547	253 915	235 220
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	6 613 664	6 093 931	5 723 652	5 286 871	4 807 589
Brutto utlån (til kundar)	4 494 645	4 114 448	3 910 871	3 426 410	3 331 873
Brutto utlån (til kundar) inkl. BK og VL	5 894 482	5 328 610	4 990 565	4 525 820	4 230 193
Innskot frå kundar	3 784 583	3 398 765	3 176 677	2 809 162	2 549 823
Resultat underliggjande drift eks. tap	63 538	50 210	47 045	49 925	44 381
Tap på utlån	3 040	-1 420	10 710	19 326	22 788
Resultat underliggjande drift inkl. tap	60 498	51 630	36 335	30 599	21 593
Resultateffekt frå verdipapir	17 848	-2 832	15 520	27 379	14 660
Resultat før skatt	100 218	55 598	75 973	57 977	36 253
Resultat etter skatt	84 504	39 845	63 229	47 561	27 851
Eigenkapital	670 389	590 133	560 479	497 750	453 102
Rentenetto	2,09 %	1,98 %	1,91 %	2,02 %	2,07 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,63 %	0,68 %	0,76 %	0,80 %	0,73 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,42 %	1,58 %	1,58 %	1,55 %	1,61 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	45,77 %	57,15 %	49,65 %	50,74 %	53,02 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,07 %	-0,03 %	0,27 %	0,56 %	0,68 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,61 %	0,82 %	1,11 %	1,28 %	2,13 %
Misleghaldsprosent	0,32 %	1,07 %	1,72 %	2,78 %	3,53 %
Eigenkapitalandel i balanse	12,86 %	12,09 %	12,07 %	11,89 %	11,59 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	15,88 %	9,67 %	14,24 %	12,04 %	8,15 %
Kapitaldekning	18,03 %	17,23 %	17,82 %	19,91 %	19,74 %
Kjernekapitaldekning	17,66 %	16,51 %	17,15 %	19,91 %	
Rein kjernekapitaldekning	17,66 %	16,51 %	17,15 %	15,19 %	
Utlånsvekst (eks. tapsavsetningar)	9,24 %	5,21 %	14,14 %	2,84 %	5,45 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	10,62 %	7,18 %	9,89 %	6,34 %	7,88 %
Innskotsvekst	11,35 %	6,99 %	13,08 %	10,17 %	7,35 %
Innskot i % av utlån	84,20 %	82,61 %	81,23 %	81,99 %	76,53 %
Endring forvaltningskapital	6,85 %	5,08 %	10,90 %	7,12 %	4,32 %
Brutto utlån næring	40,75 %	41,58 %	41,13 %	39,37 %	38,74 %
Brutto utlån privat	59,25 %	58,42 %	58,87 %	60,63 %	61,29 %
Tal på tilsette	52	50	49	46	46
Tal på årsverk	50	48	47	44	43

Valutalåna er frå 2016 oppgjeve i saldo NOK i staden for pålydande. Låna er rekna om til saldo tidlegare år. For 2014 er det nytta tall før omarbeiding av rekneskapen.

Generelt

Banken vart stifta i 1873.

Det er avgjerande at banken er ein kunde-orientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. Sparebank 1 Lom og Skjåk skal vera ein kostnadseffektiv bank og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selje og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordrifts-fordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgjevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågå og på Dombås.

Strategiplan 2017-2020

Styret vedtok i november 2016 strategiplan for perioden 2017–2020. Strategiplanen skal legge føringar for banken sine strategiske val, prioriteringar og risikonivå i planperioden.

Planen skal vera godt kjend for alle tilsette og sikre at alle skjønar kvifor banken tek dei strategiske vegvala, skjønar dei overordna målsetjingane og bidreg til at banken når dei fastsette måla. Det skal utarbeidast oppdaterte delstrategiar og handlingsplanar basert på den overordna strategien.

Rammevilkåra for bankverksemd er i stadig utvikling. Dei regulatoriske krava frå styres-maktene blir strengare, åtfërda til kunden er i endring, utviklinga av mobile og nettbaserte løysingar skjer fort, og konkurransen i marknaden med marginpress er krevjande. Sjølv om banken har hatt god drift, må det gjerast strategiske vegval for å sikre utviklinga av ein framtidsretta, robust og sjølvstendig bank.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar.

Retningslinjene vart evaluerte av styret den 25.10.2013, og det var ikkje gjort vesentlege endringar.

Utvikling i norsk og internasjonal økonomi i 2016

2016 var eit år prega av store endringar på den politiske arenaen. Med mellom anna «Brexit» går den globale økonomien ei meir usikker framtid i møte. For Noreg sin del vart utviklinga spesielt prega av den pågåande omstillingsprosessen som var ei sentral årsak til at veksten vart den svakaste sidan finanskrisa.

Global utvikling

Fjoråret vart innleia med stor marknadssturbulens og frykt for ny global krise. Uvissa om den økonomiske situasjonen i Kina var ein av faktorane som førte til at oljeprisen fall til under 30 USD per fat i januar. Gjennom året steig oljeprisen til noko over 50 USD fatet, etter m.a. semje om produksjonskutt i OPEC-landa mot slutten av året. Børsane i verda slutta, etter den svært svake starten, med ei god utvikling sett under eitt.

I eurosona slutta veksten i 2016 på 1,7 prosent, noko som var ei lågare veksttakt enn førre året. Utviklinga var likevel betre enn venta og vart trekt opp av auka vekst i privat forbruk som følge av låg inflasjon og med det høgare vekst i realinntekta til hushaldningane. Framover er det derimot utsikter til auka prisvekst, som vil kunne dempe denne positive utviklinga. I tillegg er det nokså stor usikkerheit knytt til framtidig handels-avtale mellom EU og Storbritannia og ikkje minst i samband med val i fleire europeiske land gjeve populariteten til EU-skeptikarane.

Den europeiske sentralbanken har framheva sin svært ekspansive pengepolitikk med negativ styringsrente kombinert med kjøp av store volum verdipapir («kvantitative lettelsar»). Kjøpsprogrammet skal vare ut 2017, men kan forlengast dersom sentralbanken ser det som naudsynt.

Det økonomiske biletet i USA er vesentleg betre enn i eurosona. 2016 var rett nok prega av eit svakt første halvår, men aktiviteten tok seg opp mot slutten av året. Arbeidsmarknaden har hatt ei positiv utvikling over ein lengre periode og inflasjonen har teke til å stige. Som ein konsekvens har sentralbanken FED auka styringsrenta to gonger, i desember 2015 og desember 2016. Det er venta at FED vil auke renta enda meir framover, men dette vil truleg avgrensast med

omsyn til verdien av USD og graden av ekspansiv pengepolitikk i eurosona, Storbritannia og Japan. Samstundes er det venta ein meir stimulerande finanspolitikk etter skiftet av president i USA. Potensielt høgare aktivitet og prisvekst vil tala for eit høgare amerikansk rentenivå.

Veksten i framveksande økonomiar slutta i 2016 på 4,1 prosent, nokså mykje over veksten i industriland. Kina bidreg vesentleg til denne utviklinga og har førebels unngått ei hard landing, som følge av m.a. ein meir ekspansiv pengepolitikk og god forbruksvekst. For å nå vekstmål til styresmaktene er likevel kreditt og investeringar sentrale bidragsfaktorar, noko som kan gje auka risiko på lengre sikt. Dette hindrar også omstillinga mot forbruk som ein hovuddrivar for den økonomiske aktiviteten. I tillegg eksisterer det andre risikomoment, som tiltak frå styresmaktene for å stanse bustadspekulasjon og auke kapitalstraumar ut av landet, i tilfelle høgare dollarrenter og forventningar om svakare yuan.

Norsk økonomi

Veksten i norsk fastlandsøkonomi slutta på 0,7 prosent i 2016, ein nedgang frå 1,1 prosent i 2015. Dette var det svakaste året sidan finanskrisa, noko som ber preg av at økonomien er i ein omstillingsprosess. Utsiktene er vurdert som positive, men det er noko usikkert kor raskt aktiviteten vil ta seg opp.

Oljeprisen nådde botnen i januar 2016, men steig deretter gjennom året. Dette var godt nytt for ei petroleumsnæring som framleis er i ein krevjande situasjon. Ein høgare oljepris har ført til ei sterkare krone, noko som har redusert konkurranseevna til tradisjonell eksportnæring i seinare tid. Krona er likevel svakare enn i perioden før oljeprisen tok til å gå nedover hausten 2014. Oljeinvesteringane vart ytterlegare redusert i 2016. Nivået fall, som i 2015, med om lag 15 prosent. Ifølge Norges Bank vil investeringane bli redusert med vel 11 prosent i 2017, noko som vil vera negativt for veksten i norsk økonomi.

Med auka arbeidsløyse og låg aktivitet i økonomien generelt, var det venta at veksten i bustadprisane skulle dempast som i 2015. Som følge av m.a. lågare bustadrenter snudde prisutviklinga likevel oppover, og slutta med ein vekst på 8,3 prosent for landet som heilskap.



Utviklinga var prega av regionale forskjellar, med svært kraftig vekst i Oslo og negativ vekst på Sør-Vestlandet, som har vorte hardast råka av verknadene av oljeprisfallet. Styresmaktene har lenge vore bekymra for utviklinga i bustadprisane, særleg ettersom det bidreg til å auke gjeldsveksten i hushaldningane. For å avgrense veksten bestemte Finansdepartementet å skjerpe krava i bustadlånsforskrifta frå og med 1. januar 2017. Endringane inkluderer ei maksimalramme på lån tilsvarende fem gonger brutto inntekt og meir restriktive reglar for Oslo. Bustadlånsforskrifta gjeld til 30. juni 2018.

Pengepolitikken var svært ekspansiv gjennom 2016. Hovudstyret i Norges Bank gjennomførte eit rentekutt i mars, frå 0,75 prosent til 0,5 prosent. Sentralbanken har ikkje lagt opp til vidare reduksjon av styringsrenta i prognosen, men ser heller ikkje bort frå eit negativt rentenivå viss norsk økonomi skulle bli uroa.

Utover det rekordlåge rentenivået bidreg også finanspolitikken til veksten. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, er rekna til å ha auka til 206 milliardar kroner i 2016. For 2017 er dette underskotet rekna til å auke til 226 milliardar kroner. Målt som del av trend-BNP for Fastlands-Noreg gjev dette ein vekstimpuls på 1 prosent i 2016 og 0,4 prosent i 2017. I forhold til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (målt ved inngangen til året), vil underskotet utgjera 3 prosent i 2017, noko som er 1 prosentpoeng mindre enn det handlingsregelen for bruk av midlar frå fondet tillèt.

Lokalt næringsliv i 2016

2016 ser ut til å ha vorte nok eit godt år for lokalt næringsliv. Dette ser vi òg i banken ved at vi har relativt låge tap for året og har hatt det dei siste åra. I skrivande stund er det ikkje mange rekneskap som er ferdige, men dei vi har fått, syner gode og til dels svært gode resultat. Dette gjeld for fleire bransjar, men kanskje særleg for reiselivet. Det er bra for oss alle at lokalt næringsliv har gode resultat. Det tryggjer arbeidsplassane og gjev bedriftene moglegheit for vidare utvikling. SpareBank 1 Lom og Skjåk ønskjer å vera ein god samarbeidspartnar for bedriftene i den vidare utvikling deira.

Talet på nyetableringar har gått ned frå 91 til 75. Det er berre i Dovre at talet på nyetableringar har auka. I dei 5 kommunane våre er det 6 konkursar, og det er på same nivå som 2015.

Kundeutvikling

SpareBank 1 Lom og Skjåk sette ny rekord i talet på nye kundar i 2016. Samla sett for både privat og bedrift vart det nesten 2 000 nye kundar. Av dette er det heile 217 nye bedriftskundar. Det vart 64 nye kundar på Lesja og på Dovre 57 nye. Desse tala inkluderer landbruk, enkeltpersonføretak, aksjeselskap, lag og organisasjonar.

Landbruk

Generelt er det relativt stor investeringslyst i landbruket, særleg innan mjølke- og ammekuproduksjon. Fleire driftsbygningar er oppført, og mange er renovert i 2016. Det er også mange nye under planlegging for 2017. Investeringslysta innan sauenevinga ser ut til å ha stagnert noko, og dette skuldast truleg varsla lågare pris på sauekjøtt. Geitemjølkeproduksjon er stabil, men relativt låg. Dette kan skuldast mellom anna forslag om oppheving av mottakspåskjodt for ysteria. Det vart etablert nytt hønseri i Skjåk i 2016, og dette ser ut til å ha vorte godt motteke i marknaden.



Nytt hønseri med eggproduksjon på Nordigard Ramstad.



Svein Gudbrand Lund i Glasopor AS.

Industri

Industrien utgjør om lag 4 % av næringslivs-porteføljen i banken, og sysselset fra 2,9 % (Vågå) til 14,6 % (Skjåk) av arbeidsstokken i banken sitt marknadsområde. Dersom vi tek med dei tilknytte eigedomsselskapa, utgjør industrien ein enda større del av næringslivet.

Trass nedgangen i landbasert industri og offshore i Noreg, har industribedriftene i regionen halde fram den positive utviklinga frå 2015, med fleire større oppdrag i 2016 og langsiktige ordre-reservar for vidare utvikling.

Bedriftene har vore dyktige til å tilpasse seg endringane i marknaden, og er nå på tur til å ta ei leiande rolle innanfor fornybar industri og det såkalla grøne skiftet. Her kan spesielt nemnast Interfil AS, Stryvo Bismo AS og Glasopor AS (Glasitt), alle med utgangspunkt i Skjåk.

Varehandel

Dette er ei næring i vekst og står for ca. 5 % av banken sitt samla utlån til næringslivskundar. Lom har ein gjennomsnittleg omsetnad pr. innbyggjar på kr 84 700 ved utgangen av 2015. Det var ein vekst på 26,2 % frå 2008 til 2015. Dette er godt over Skjåk og Vågå (vi har dessverre ikkje tala for Lesja og Dovre) både i omsetnad og vekst. Det er nok mellom anna fordi Lom er ein stor reiselivskommune og har stor omsetnad frå turistane.

Bygg, anlegg og entreprenørar

Det ser ut til å ha vore eit godt år også i denne bransjen. SpareBank 1 Lom og Skjåk ser det som svært bra at det vart lokal hovudentreprenør og i tillegg ein god del lokale underentreprenørar på skuleutbygginga Skjåk. Det er både bra og viktig at det blir nytta lokale leverandørar også av denne type tenester.

Konkursar i regionen 2016 (2015)

	Lom	Skjåk	Vågå	Dovre	Lesja	Region
Etableringar	10 (17)	7 (11)	25 (34)	24 (16)	9 (13)	95 (129)
Konkursar	0 (0)	0 (1)	2 (0)	1 (3)	3 (2)	15 (7)
Region inkluderer også Sel kommune.						
Statistikk frå Brønnøysundregistra						



Lom har ein vekst på gjennomsnittleg omsetnad på varehandel pr. innbyggjar på 26,2 % frå 2008 til 2015. Dette mellom anna fordi Lom er ein stor reiselivskommune og har stor omsetnad frå turistane.

Samla sett er desse bransjane ein stor arbeids-gjevar i dei fem kommunane våre. Tre store kraftutbyggingar i distriktet utgjer ei samla investering på 2,3 milliardar kr. Prosjekta nyttar lokale underleverandørar i stor grad, og dette fører til at 4-500 mill. kr blir liggande att i nærområdet til banken.

Reiseliv

Vi har hatt samtalar med mange aktørar innan reiselivsnæringa, og dei aller fleste rapporterer gode og til dels svært gode resultat for 2016. Dette er bra da det er ei viktig næring for oss alle. Statistikken for 2016 er ikkje i skrivande stund klar, men vi har gode haldepunkt for at veksten i talet på overnattingar held fram i 2016.

Transport

Vi har mange aktørar innan transport i distriktet vårt. Bransjen er prega av relativt sterk konkurranse, og lokale utøvarar er også ein del av dette. Det blir jobba aktivt med nye kundar, og særleg transport ut av distriktet er viktig for å kunne ha betre inntening med lass både på tur og retur. Det blir satsa på å levere god kvalitet og god service. Utover dette er det viktig med god standard på materiell og tilgang på god arbeidskraft. Banken har inntrykk av at dei fleste har greie resultat og bra aktivitet også i 2016.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og veldreven næring. Den utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg.

Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden.

Talet på sparebankar i Noreg vart redusert frå 105 til 103 i 2016.

Samfunnsengasjement

Det er naudsynt at banken vår tek ei samfunns-rolle og bidreg til aktivitet. Det skal vera attraktivt å busetja seg i primærmarknaden til banken. SpareBank1 Lom og Skjåk skal vera ein god, finansiell part for å oppretthalde og skapa arbeidsplassar i distriktet. Det er naudsynt å presisere at varer og tenester som er tilgjengelege blir handla lokalt. Dette er med på å oppretthalde sårt trengte arbeidsplassar og er grunnlaget for å skapa nye.

Det er ei viktig grunnhaldning at banken skal engasjere seg i det som rører seg i lokalsamfunnet. Kvart år bidreg banken med store beløp til sponsoraktivitetar og marknadsføring, i tillegg gåver til lag og foreiningar innan lokalt idretts- og kulturliv. Dette er vårt bidrag til lokalsamfunnet, fordi vi har lokal tilknyting og eigarskap.

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev kvart år økonomisk stønad som skal fremje næringsutvikling blant kundane til banken.

Som ledd i arbeidet mot korrupsjon og kvitvasking følgjer banken retningslinene til Finans Norge ved etablering av kundeforhold og utferding av banklegitimasjon.

Banken si behandling av likestilling, diskriminering, arbeidsmiljø og påverknad på ytre miljø er nærare beskrevet lenger ute i årsmeldinga.

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2016 (sjå tidlegare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen). Dette skuldast stor aktivitet innanfor tradisjonelle banktenester. Vi fekk gode inntekter frå sal av forsikringsprodukt, betalingsformidling og utbytte frå strategiske aksjeinvesteringar. Aktiviteten i Lom, Skjåk, Vågå og Dombås var høg også i 2016. Vi er totalt 52 tilsette i banken.

Bankmarknaden er prega av store endringar, drivne av nye krav frå styresmaktene og digitalisering av banktenester. Når endra kundeåttferd og nedgang i bruk av kontorkanalen skjer, skal SpareBank1 Lom og Skjåk vinne marknadskampen med å tilby dei digitale kundane våre dei enklaste digitale løysingane i bransjen.

Kundane våre har, og skal ha, den beste hand-saminga uansett kva for kanal dei kontaktar oss i, om det er i kontorkanalen, på telefon, e-post eller om dei ønskjer å vera sjølvbetente.

Sparebank 1 Lom og Skjåk ønskjer å legge til rette for at dei kundane som ønskjer det, skal kunne ta i bruk sjølvbetente løysingar. Dei nye produkta som blir utvikla i bankbransjen i dag, rettar seg hovudsakleg mot at kundane skal kunne ordne ting sjølve, rett og slett fordi det er dette kundane etterspør. Da er det viktig at dei tilsette i banken tek i bruk slike løysingar sjølve, for å kunne yte den nødvendige servicen til kundane våre slik den digitale utviklinga krev.

2016 heldt fram med stort lokalt engasjement, når det gjeld arrangement og tilstellingar i bygdene våre. Banken var også i 2016 hovudsponsor på dei fleste, noko vi er takknemlege for og stolte over.

Denne gongen var det spesielt Lom og Vågå som hadde mykje på tapetet der banken vart spurt om å være støttespelar og sponsor. Som i 2015 var vi hovudsponsor da Vågå Freeride på Lemonsjøen vart arrangert i mars. Det var spektakulær frikøyning der dei største namna i verda var på startstreken. Banken hadde stand med profilering av mCASH, servering av kaffi og god stemning.



Banken med pensjonskveld på Fossheim.



Stor pågang etter pannebånda til skiforbundet etter facebook-konkurranse.



Lomseggen Upp 2016.



Ung Kultur Møtast (UKM).



Gastronomiske festdagar i Lom.



Sparebank1 er ein sentral støttespelar til skisatsinga i Noreg. Desse deltok frå skisamarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen si samling på Sognefjellet i juni 2016: Syver Brøste Nørstegård, Lesja, Runi Arnekleiv, Dombås, Ane Marie Hareland, Lesja, Ingrid Øyen, Vågå, Ola Aurmo, Lom, Jo Mallaug, Lom, Vemund Moe, Lom, Emma Mallaug, Lom, Ivar Fjeld, Lom, Reidar Aurmo, Lom, Marius Synstnes, Lom, Sjur Slettom, Lom og Fredrik Kleppe, Sel.



Juni Arnekleiv, Tora Berger og Mari Sverdrup var godt tilfreds med 6. plassen på stafetten under NM på heimebane på Dombås i mars 2016.

I mai var banken med på noko heilt nytt, Gastronomiske festdagar i Lom. Lom vart sett på kartet, da dette arrangementet først og fremst er for å trekkje utanbygds folk til Lom. Det var mat-tog, ei reise i kulinariske opplevingar i Arne Brimi si ånd. Store kokkestjerner vitja bygda og laga ei kulinarisk oppleving for dei mange tilreisande.

Vi heldt fram i matvegen under finalen i kokkekamp i Vågåhallen i mai. Der var det

9. klasse frå Nord-Gudbrandsdalen som skulle konkurrere i matfag. Her var også Arne Brimi med heile vegen med sin matfilosofi. I juni var det klart for Camp Jotunheimen, nok eit nytt tiltak der banken var hovudsponsor. Her var også tanken å få heile Noreg til å sjå til Lom, sjå kva vi har å tilby når det gjeld mat- og fjell-opplevingar. Mange familiar fekk ei rundreise i Lom med guida og tilrettelagde turar i Jotunheimen.

I mange år har banken vore hovudsponsor for Vågå MX Camp kvar sommar, der barn og unge får utfalde seg med crosskøyering på Grønsletta i Vågå. Det er for mange årets høgdepunkt, eit heilt spesielt bra miljø og eit svært godt arrangement!

Så var det duka for årets høgdepunkt for oss som sponsor og Vågå som bygd, Landskappleiken 2016. Det kom folk frå heile landet, og Vågå viste seg frå si beste side. Banken hadde stand i fleire dagar, og dei tilsette fekk treffe både eksisterande og potensielle kundar. Det var kjekt å få vera med på dette arrangementet, som var sær s godt gjennomført på alle måtar. Det er viktig at bygdene våre får moglegheit til å gjennomføre slike store, kulturelle arrangement.

Vidare var det både Fjordingsmartna i Lom og Traktorrock i Vågå mot slutten av sommaren, kjekt både for store og små. Det er så flott å sjå kor mykje iver og vilje det er rundt om for å få ting til å skje i bygdene våre. Det er så mange

som vil, og dei må vi heie fram! Alle er vi avhengige av å ha eit rikt og levande lokalsamfunn. Det er viktig å heie på kvarandre, unne kvarandre å lykkast, og få til ting saman. Slikt blir det trivsel og glede av, og næringar veks vidare.

I høve 100-årsjubileet for Tor Jonssons fødsel ville banken nytte det flotte høvet til å invitere kundar busett i Oslo til ein spesiell festkveld på Riksscena i Oslo i oktober. Banken inviterte til tapas og sosialt samvær før konserten og dans etterpå – ei flott oppleving med fantastisk dyktige musikarar!

Banken avslutta året på tradisjonelt vis når det gjeld tilstellingar, der vi inviterte næringskundar til julelunsj på Fossheim. Vi var 70 til bords og kunne la roa senke seg med gode samtalar, god mat og hyggeleg samvær. Banken er svært taknemleg for at så mange stiller på julelunsjen kvart år, det er så viktig å samlast og prate saman.



Årets høgdepunkt for banken som sponsor og Vågå som bygd, Landskappleiken 2016.

Rekneskapen

Framleis drift

Bankstyret stadfestar at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagd under desse føresetnadene. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Resultatrekneskapen

Resultatet etter tap og skatt vart i 2016 kr 84 503 534. For samanlikning med tidlegare år viser vi til tabellen på side 5. Prosenttal er utrekna av dagleg, gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er svært nøgde med resultatet for 2016. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god. Tap på utlån og garantiar osv. har betra seg betrakteleg dei siste åra, sjølv om det var ein tapsauke frå 2015 til 2016. Resultatet sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Bankstyret understrekar difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:
kr 300 000 til gåver
kr 84 203 534 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 105,8 mill. kroner, ein oppgang frå 95,2 mill. kroner frå året før. Rentenetto utgjer 2,09 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarande førre år var 1,98 %. Ut frå konkurransesituasjonen er styret godt nøgd med rentenettoen.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 31,8 mill. kroner, som utgjer 0,63 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2015 var tilsvarande tal 32,9 mill. kroner og 0,68 %. Banken hadde positiv utvikling i porteføljen av aksjar og obligasjonar med 17,8 mill. kroner. I 2015 hadde vi ei negativ utvikling med kr 2,8 mill. kroner. Sparebanken Hedmark overtok Bank 1 Oslo

i 2016. SpareBank 1 Lom og Skjåk var med-eigarar i Bank 1 Oslo gjennom eigarskapet i Samspår Bankinvest II AS, og vi fekk oppgjær i form av eigenkapitalbevis i Sparebanken Hedmark. Vi kunne bokføre ein gevinst på 13,4 millionar ved denne transaksjonen.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,42 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, i 2015 var driftskostnadene på 1,58 %. Dersom vi korigerer for verknadene ved avviklinga av ytingsbasert pensjonsordning, ville driftskostnadene ha vore på 1,51 %. Lønn og generelle administrasjonskostnader utgjer 1,13 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein nedgang frå 1,29 % i 2015. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha kostnadseffektiv drift av banken i fokus for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjer 5 213,8 mill. kroner, ein auke med 6,85 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samband med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2016 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 224,2 mill. kroner til 1 248,9 mill. kroner, og kundane våre hadde 151,0 mill. kroner i valutalån. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt og valutalån utgjer 6 613,7 mill. kroner, ein auke med 519,7 mill. kroner sidan 2015.

Utlån og garantiar

Utlån voks med 380,2 mill. kroner til 4 494,6 mill. kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 14d. viser fordeling mellom geografiske område. Brutto utlån auka med 9,24 % frå 2015 til 2016.

Ved utgangen av 2016 utgjer garantiar 195,0 mill. kroner. Note 14e. viser garantiar fordelt på næringer, og note 26 fordelt på garantitypar. Utlån og garantiar til næringslivet er på 41,8 % av totale utlån og garantiar. For 2015 var den 42,7 %. Den gjennomsnittlege utlånsrenta var 3,6 %, tilsvarande for 2015 var 4,2 %.

Banken er medeigar i bustadkreditselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utferding av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkreditselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kreditt-ratingbyråa. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finanstilsynet.

Mislegghald og tapsutsette engasjement

Talet på mislegghaldne og tapsutsette engasjement syner ei positiv utvikling samanlikna med førre året. Individuell nedskrivning kjem fram etter at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta banken har. I tillegg er personmarknadskundar over eit definert nivå vurderte.

Vi har ført tap- og tapsavsetjingar i resultatrekneskapen med 3,0 mill. kroner. Individuelle tapsavsetjingar er på 8,7 mill. kroner, og gruppeavsetjingar er 18,6 mill. kroner. Samla blir dette 27,3 mill. kroner, 0,61 % av brutto utlån.

Tapsavsetjingar for garantiar er på 5,4 mill. kroner. Dette er ført under «anna gjeld» i rekneskapen.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 3 784,6 mill. kroner, som er ein auke på 385,8 mill. kr siste året, eller 11,35 %. For 2015 var auken 6,99 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Delen av større innskot er aukande, men banken meiner å ha gode og fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likvidetsrisikoen som ligg i dei store innskota.

Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 0,99 %, tilsvarende for 2015 var 1,61 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjer til saman 340,4 mill. kroner. 132,2 mill. kroner er i renteberande papir. 31,2 mill. kroner er omløpsaksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse, saman med dei renteberande verdipapira, blir verddivurdert etter det lågaste av kjøpskurs og marknadsverdien.

Anleggsporteføljen er vurdert til 177,0 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar i fellesføretak gjennom alliansesamarbeidet (sjå note 16 a), og eigardelar i tilknytt selskap og dotterselskap, (sjå note 16 b).

Bokført endring i verdipapira viser for 2016 ein positiv resultateffekt med 17,8 mill. kroner, sjå note 8.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjer eigenkapitalen nå 670,4 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 12,86 %, rekna ved utgangen av året, mot 12,09 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital og kjernekapitaldekninga utgjer 17,66 %. Kapitaldekninga utgjer 18,03 %. Da er ansvarleg lånekapital på 50 mill. kroner inkludert.

Innskot målt mot utlån

Innskot målt mot utlån utgjer 84,20 % mot 82,61 % ved førre årsskiftet.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom opptak av obligasjonslån. Forfallsstrukturen går fram av note 20.

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i sitt primærmarknadsområde. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningslinjer.

Pilar II og CRD-IV

I rundskriv 12/2016 gjorde Finanstilsynet greie for sine eigne metodar for å vurdere samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov for bankane. Banken si berekning av kapitalbehov er tilpassa metodikken til Finanstilsynet.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll føretekt banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda banken er eksponert for. Desse vurderingane dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for.

Finansiell informasjon, pilar III, blir offentleggjort på banken si heimeside.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre ein vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderinga til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegner frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement.

Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadleg oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret.

Porteføljane for privat- og bedriftsmarknaden har også gjennom 2016 vist ei positiv utvikling året sett under eitt, der dei estimerte nivåa for forventta tap, uventa tap, gjennomsnittleg sannsynlegheit for misleghald og vekta sannsynlegheit for misleghald for friske engasjement er redusert i begge porteføljane. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har teke på oss ein auka risiko ved å vere med på utvikling av lokalt næringsliv, og at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde.

Tapa på utlån var i 2016 låge, og andelen av misleghaldne engasjement er monaleg lågare enn ved utgangen av førre året. Banken har intensivert arbeidet med å redusere misleghald, som har redusert delen av porteføljen som har vore misleghalden eller nedskriven. Engasjementa i privat- og bedriftsmarknadsporteføljane i dei tre høgaste risikogrubbene er monaleg lågare enn ved utgangen av førre året. Med fokus på sunn vekst og tettare oppfølging av utsette engasjement budsjetterer banken med tap i 2017 på 0,15 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kredittrisikoen uendra til moderat.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN og DNB – primært i sveitsiske franc (CHF). Lånegarantiane er sikra med pant og inngår i den ordinære kredittvurderinga av låneengasjementet til banken. Styret meiner at evna valutakundane har til å svara for valutalåna, er til stades, og at lånegarantiane framleis er tilfredsstillande dekt av pantesikringa som banken har etablert.

Rente-/kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vera låg. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne ut frå storleiken på behaldninga

er av mindre omfang. Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som låg. Situasjonen ved årsskiftet er at fleire av dei strategiske investeringane har ein meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for egne lån i marknaden, og er dermed med på å redusere likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og



vurderingar av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Strategisk risiko

Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. Etableringa på Dombås var naudsynt og viktig av strategiske årsaker, både for å kunne yte betre service til dei eksisterande kundane våre på Lesja og Dovre, og for å sikre grunnlag for vidare vekst. DNB, som var den største konkurrenten til banken i primærmarknadsområdet, la i 2016 ned avdelingskontora sine på Dombås og Otta. Samstundes har SpareBank 1 Lom og Skjåk hatt god vekst i utlån på Lesja og Dovre.

Tilsette

Personalet

Ved utgangen av 2016 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 52 tilsette ved dei fire kontora. Dette utgjer til saman 50 årsverk. I tillegg har banken vaktmeister og reinhaldar i deltidsstilling ved eigedomen til banken i Bismo. Vi har fått fire nye medarbeidarar i 2016. Dette er Helge Tofthagen, PM-rådgjevar i Vågå, Ingrid V. Sulheim, lønn/personal, Anne Kjæstad Veggum, Risk Controller og Unni Strand, adm. banksjef.

Banken har dyktige medarbeidarar som står på for arbeidsgjevaren sin. Mange av dei tilsette i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller vorte sertifisert innan godkjenningsordninga for skadeforsikring. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane. Styret set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Likestilling

Dei tilsette i banken fordeler seg med 33 kvinnelege og 19 mannlege. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling. Målsetjinga om at det ikkje skal vera lønsskilnad mellom kvinner og menn i banken for medarbeidarar i same type stilling, meiner vi er oppfylt. Det kan vere lønsskilnader mellom stillingar ut ifrå stillingsinnhald og krav til kvalifi-

kasjonar. Leiargruppa i banken er samansett av fire menn og to kvinner. Styret er samansett av tre menn og tre kvinner. Sidan 2008 har fordelinga av kvinner og menn blant dei banktilsette endra seg frå tilnærma 50–50-fordeling til ei overvekt av kvinnelege med om lag 63 %.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2016 utgjorde 6,96 %, mot 8,08 % året før. Banken hadde framleis langtids-sjukmeldte i 2016. Med så få tilsette gjev det store utslag i fråværsprosenten. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2016.

Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt, til glede for den enkelte medarbeidar, kunde og bank.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling, som vil vera i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal jobbe målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Det er ei målsetting i Sparebank 1 Lom og Skjåk at etnisk tilhøyr ikkje skal vere til hinder for å bli rekruttert. Korkje styret eller administrasjonen i SpareBank 1 Lom og Skjåk er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.

Ytre miljø

Banken har ikkje aktivitet som ureinar det ytre miljøet.

Energi- og klimarekneskap 2016

Formålet med energi- og klimarekneskapen er å vise oversikta over klimagassutsleppet (GHG-utslepp) i organisasjonen som del av ein overordna klimastrategi. Ein klimarekneskap er eit viktig verktøy i arbeidet med å identifisere konkrete tiltak for å redusere energiforbruk og tilhøyrande GHG-utslepp. Denne årlege rapporten gjer organisasjonen i stand til å måle nøkkeltal og dermed evaluere seg sjølv over tid.

Rapporten omfattar heile verksemda i SpareBank 1 Lom og Skjåk.

Informasjonen i ein klimarekneskap stammar frå både eksterne og interne kjelder, og blir omrekna til tonn CO₂-ekvivalentar. Analysen er basert på den internasjonale standarden «A Corporate Accounting and Reporting Standard», som er utvikla av «The Greenhouse Gas Protocol Initiative» – GHG-protokollen. Dette er den mest brukte metoden verda over for å måle utslepp av klimagassar. ISO standard 14064-I er basert på denne.

Sparebank 1 Lom og Skjåk hadde i 2016 eit totalt klimagassutslepp på 46,2 tonn CO₂-ekvivalentar (tCO₂e). Dette er ein auke på 4,2 tCO₂e, tilsvarande 10 %, samanlikna med 2015.

Klimagassutsleppa fordeler seg i 2016 med 7,5 tCO₂e, 16 %, til Scope 1, 26,5 tCO₂e, 57 %, til Scope 2 og 12,2 tCO₂e, 26 %, til Scope 3. Det har vore ein auke i Scope 1 og 3, og ein reduksjon i Scope 2 frå 2015 til 2016.

Energiforbruk pr. areal har auka med 11,5 %, totalt energiforbruk har auka med 11,5 %, og

det er auke i både utslepp pr. årsverk og pr. mill. NOK omsetning.

Scope 1

Transport: Faktisk forbruk av fossilt brensel til køyring (eigd, leigd, leasa). Bruk av diesel (B5) står i 2016 for utslepp tilsvarande 7,5 tCO₂e. Dette er ein auke på 16 % frå året før.

Scope 2

Elektrisitet: Målt forbruk av elektrisitet i eigde eller leigde lokale/bygg. Tabellen viser klimagassutslepp frå elektrisitet utrekna med den lokasjonsbaserte utsleppsfaktoren Nordisk miks. Utsleppa frå elektrisitetsbruk er redusert med 2 %, samanlikna med 2015.

Merk at utsleppsfaktoren Nordisk miks er redusert med 12,5 % sidan 2015, noko som reflekterer at det er produsert straum frå kjelder med lågare klimagassutslepp (som vasskraft samanlikna med gasskraft) i 2016 samanlikna med året før.

Kategori	Forklaring	Forbruk	Enhet	Energi (MWh)	Utslipp (tCO ₂ e)	Utslipp (fordeling)
Transport				29.8	7.5	16.2%
Diesel (B5)	Firmabil	2 948.0	liter	29.8	7.5	16.2%
Scope 1 total				29.8	7.5	16.2%
Elektrisitet*				467.4	26.2	56.7%
Elektrisitet Nordisk miks		467 373.0	kWh	467.4	26.2	56.7%
Fjernvarme generelt				23.1	0.3	0.7%
District heating Bio 90%	23 124.0		kWh	23.1	0.3	0.7%
Scope 2 total				490.5	26.5	57.3%
Flyreiser				-	1.3	2.7%
Fly kontinentalt		10.0	Ant.reiser	-	1.0	2.1%
Fly nordisk		4.0	Ant.reiser	-	0.3	0.6%
Forretningsreiser				-	8.4	18.1%
Km-godtgj.bil(NO)		56 446.0	km	-	8.4	18.1%
Avfall				-	1.6	3.5%
Restavfall,forbrenning		3 225.0	kg	-	1.6	3.5%
Papir,gjenvinning		579.0	kg	-	-	-
Papirforbruk				-	1.0	2.1%
Paper,office		840.0	kg	-	1.0	2.1%
Scope 3 total				-	12.2	26.4%
Total				520.3	46.2	100.0%
*Alternativ beregning utslipp fra el (Markedbasert metode)				-	0	


Årsrapport - klimagassutslipp (tCO₂e)

Kategori	Forklaring	2014	2015	2016	% endring fra forrige år
Transport					-
Diesel (B5)	Firmabil	13.8	6.8	7.5	9.7%
Scope 1 Utslipp		13.8	6.8	7.5	9.7%
Fjernvarme generelt					-
District heating Bio 90%			0.6	0.3	-47.8%
Elektrisitet*					-
Elektrisitet Nordisk miks		40.7	26.7	26.2	-1.8%
Scope 2 Utslipp		40.7	27.3	26.5	-2.9%
Flyreiser					-
Fly kontinentalt		0.6	1.1	1.0	-9.6%
Fly nordisk		0.1	0.4	0.3	-35.2%
Forretningsreiser					-
Km-godtgj.bil(NO)		7.5	2.7	8.4	207.1%
Papirforbruk					-
Paper,office				1.0	100.0%
Avfall					-
Papir,gjenvinning		-	0.1	-	-71.6%
Restavfall,forbrenning		1.5	3.6	1.6	-55.2%
Scope 3 Utslipp		9.7	7.9	12.2	54.3%
Total		64.3	42.0	46.2	10%
